

Årsmøteprotokoll

Skinnarbu Høgfjellshotell, Tinn

Fredag 28. mars, 2014, kl.14.00.

Leiar Johan Vaa opna møtet.

Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar

Stein Verpe, Hol, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad vald som skrivar.

Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Johan Vaa hadde fullmakt frå Dagali Grunneigarlag.

Sak 3. Opprop

Systematisk opprop frå medlemslista, v/skrivar. Det deltok 23 personar i møtet. Signaturliste blir vedlagt hovudprotokoll.

Magne Øygarden (Veidemannbu i Vinje) fekk som nyteguna medlem full møterett.

Sak 4. Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått ved leiar. Det vart herunder informert om endring i sekretariatet, ved at skrivar nå er engasjert på privat basis og ikkje lenger gjennom Viken Skog.

På spursmål om «Hardangerviddarådet», gjorde leiar greie for årsaka til at HG ikkje fekk plass her. Elles ingen merknader.

Årsmeldinga samrøystes godkjend.

Sak 5. Rekneskap

Gjennomgang ved kasserar.

Rekneskapen samrøystes godkjend.

Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde

Orientering og innstilling ved Odd Gunnar Vikan.

Årsmøtet vedtok samrøystes vidareføring av satsene frå i fjor: Kr.1.000 pr. møtedag, og godtgjering til leiar Kr.30.000 (utan daggodtgjering for møter). Kasserargodtgjeringa kr.3.000. HG har eigen reknskapsføring.

Sak 7. Medlemskontingent for 2013

Styret v/Anve Myklatun gjorde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om vidareføring av dagens praksis: Grunnbeløp kr.200 + kr.60,- pr. km² (1000 dekar). Godkjend av møtet.

Sak 8. Budsjett for 2014

Framlegg til budsjett v/Bergfinn Kvalnes,- med samla ramme på kr.240.000 (238.000 i fjor).
Kasserar undersøker om der er moglegskap for betre bankrente.
Budsjettet samrøystes godkjend.

Sak 9. Arbeidsplan

Per Helge Sekse gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsplan.
Lars Inge Thorset, Ullensvang, foreslo at heimesida vart styrkt med lokale presseoppslag m.v. frå styremedlemmer eller om saker som vedgjekk HG sine saksfelt. Styret tek med seg dette innspelet.
Arbeidsplanen vart så samrøystes vedtatt.

Sak 10. Innkomne saker

Auka fokus på fiskeressursene

Frå Emil Steira, Dagali, hadde styret fått innspel om større fokus på utnytting av fiskeressursane på Vidda. Sekretær orienterte om saka og styret sitt vedtak om å fylgje opp dette aktivt, i samarbeid med organisasjonen «Hanen». Årsmøtet støtta dette.

Sak 11. Val

Leiar i valkomiteen, Åsmund Løvås (Telemark), hadde i e-post til leiar gjort greie for komiteens framlegg, men var ikkje sjølv med i møtet. Valet vart difor leia av Stein Verpe. Alle val vart samrøystes, utan motkandidatar.

Styremedlemer på val (reellt oppnemnd lokalt, men blir likevel formelt vald i årsmøtet):

- *Eidfjord* *Anve Myklatun (attval), med vara Gunnar Lægreid (attval)*
- *Odda* *Torgils Eide (ny), med vara Knut Berge (ny)*
- *Tinn* *Robert Pedersen (attval), med vara Nils Kvåle (attval)*

Leiar: *Johan Vaa, Vinje (attval)*

Nestleiar: *Stein Verpe, Hol (attval)*

Nytt medlem til valnemnd for 3 år, frå Telemark: Dag Haugland, vara Åsmund Løvås
Revisorar: *Britt Karin Flaata og Maj Reidun Nørstebø (attval på begge).*

Leiar takka Bergfinn Kvalnes for sine 4 år i styret, med vanleg markering.
Leiar avslutta dimed årsmøtet.

Anve Myklatun yngste ein runde på kvotesaka (jakt 2014), men slik diskusjon vart avslutta etter få innlegg og med tilvising til at spursmålet vil koma opp att på fagmøtet dagen etter.

Nils Bjørn Vistad, skrivar

